



Helse- og omsorgsdepartementet  
Sendt per e-post til [eldrid.byberg@hod.dep.no](mailto:eldrid.byberg@hod.dep.no)

**Deres referanse:** 23/2583  
**Vår referanse:** 2023/119  
**Dato:** 27.09.2023  
**Publikasjonsnr.:** NIM-H-2023-032

## Høringsfråsegn frå NIM – Forslag om overføring av ansvaret for helsetilbodet ved utlendingsinternat til kommunen der internatet ligg

### 1. Innleiing

Me viser til høyringsbrev frå helse- og omsorgsdepartementet av 20. juni 2023, der eit forslag om endringar i helse- og omsorgstenestelova og utlendingsinternatforskrifta som inneberer at ansvaret for helsetilbodet ved utlendingsinternat vert overført til kommunen der internatet ligg, vert sendt på høyring. NIM fekk innvilga utsett frist til 27. september 2023.

### 2. Kort om høyringssvaret

Forslaget i høyringsnotatet frå departementet inneberer at ansvaret for helse- og omsorgstenester for internerte på utlendingsinternat vert overført frå politiet til kommunane der utlendingsinternatet ligg. Forslaget inneberer einskilde endringar i helse- og omsorgstenestelova og i utlendingsinternatforskrifta.

Departementet skriv innleiingsvis i høyringsnotatet at dei ikkje føreslår materielle endringar i rettane internerte har til helse- og tannhelsehjelp, eller i åtgangen til spesialisthelsetenester. Slik NIM les forslaget, er intensjonen til departementet at forslaget i hovudsak å gjere ei administrativ endring i kven som skal vere ansvarleg for å sikre helsetenestene som internerte allereie har rett på.

Forslaget har fleire sider til menneskerettane. NIM vil i dette høyringssvaret gjere greie for desse, samt kommentere einskilde føreslegne endringar i utlendingsinternatforskrifta som etter vårt syn, slik dei er formulerte, likevel vil kunne medføre materielle endringar i rettane internerte har til helsetenester. Vidare er det viktig, for å sikre ei tryggande overføring med ei forsvarleg ressurstilføring, at menneskerettslege plikter vert vurdert og avklart, i tillegg til plikta etter helseovgjevinga til å yte helsehjelp til internerte.

### 3. Menneskerettslege rammer

Forslaget rører ved fleire av menneskerettane til internerte. Sentralt står retten til helse etter artikkel 12 i FN's konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK), og retten til fridom frå tortur og umenneskeleg og nedverdiggande behandling etter Den

europiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 3. Begge er inkorporert i norsk lov gjennom menneskerettslova § 2, og har forrang framfor norsk lov, jf. § 3 i den same lova.

Forslaget rører ved internerte sin rett til helse etter ØSK artikkel 12. Av denne føresegna følgjer det at alle har rett på den høgste oppnåelege helsestandarden, både fysisk og psykisk. Kva som konkret ligg i denne retten er ikkje nærare fastlagd av t.d. norske domstolar.

Vidare rører forslaget ved retten til fridom frå tortur og umenneskeleg og nedverdiggande behandling etter EMK artikkel 3. Det følgjer av EMK artikkel 3 og tilhøyrande rettspraksis at styresmaktene har ei plikt til å ivareta helsa til fridomsrøva personar. Dette inneberer, mellom anna, å sørge for at dei har tilgang på naudsynt helsehjelp.

Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) har ved fleire høve understreka at fridomsrøva personar er i ein særleg sårbar situasjon.<sup>1</sup> Vidare har domstolen uttalt at mangelfull helsehjelp til fridomsrøva personar kan innebere brot på EMK artikkel 3.<sup>2</sup> Det gjeld fridomsrøva personar i til dømes utlendingsinternat, som har behov for helsehjelp.<sup>3</sup> Vidare har EMD ved fleire høve framheldt betydninga av mellom anna irregulære migrantar si sårbarheit.<sup>4</sup>

Dei menneskerettslege sidene av forslaget er ikkje nemnde eller gjort greie for i høyringsnotatet. NIM saknar ein nærare gjennomgang og drøfting av dei menneskerettslege sidene av forslaget.

#### **4. Kommentrar til einskilde føreslegne endringar i utlendingsinternatforskrifta § 5**

Som nemnt ovanfor skriv departementet at dei ikkje føreslår nokre materielle endringar i retten til internerte sin åtgang til helsetenester. NIM har likevel merka seg einskilde endringar i ordlyden i forslaget til ny § 5 i utlendingsinternatforskrifta som, slik me les dei, vil innebere slike materielle endringar.

For det fyrste føreslår departementet å fjerne siste setning i fyrste avsnitt i den noverande § 5 i forskrifta. Av denne følgjer det at ein «utlending med påtrengende behov for tannlegehjelp skal få slik hjelp.»

Slik me les høyringsnotatet, ser departementet ut til å føresette at denne ordlydsendringa ikkje inneberer noko materiell endring i åtgangen internerte har til

---

<sup>1</sup> Sjå m.a. *Blokin mot Russland* (47152/06) mvh.

<sup>2</sup> Sjå m.a. *Keenan mot Storbritannia* (27229/95) mvh

<sup>3</sup>.. og *Yoh-Ekale Mwanje mot Belgia* (1048/10) mvh.

<sup>4</sup> Sjå mellom anna *Aden Ahmed mot Malta* (55352/12) avsn. 97 og *Yoh-Ekale Mwanje mot Belgia*.

tannhelsetenester, jf. det departementet skriv om at forslaget ikkje er meint å gjere endringar i internerte sin åtgang til helsetenester. Etter NIM si vurdering vil denne ordlydsendringa nettopp kunne innebere ei slik endring. NIM kan ikkje sjå at endringa er nærare omtalt i notatet, og saknar ei nærare utgreiing av konsekvensar av den føreslegne endringa.

For det andre føreslår departementet å fjerne andre setning i fyrste avsnitt i § 5 i forskrifta. Av denne følgjer det at «Politiet skal sørge for at utlendingen får helsehjelp utover det han har lovfestet rett til dersom helsepersonell som undersøker eller behandler utlendingen, henviser til slik behandling.» Det er ikkje føreslått noko ny formulering i føresegna som etter ordlyden gir nokon tilsvarande plikt for kommunane.

Også her ser det ut som departementet føreset at denne endringa i ordlyden ikkje inneberer materielle endringar i internerte sin åtgang til helsehjelp. Som over meiner NIM at endringa nettopp vil kunne innebere ei slik endring, og etterlyser ei nærare utgreiing av konsekvensar av den føreslegne endringa.

For det tredje følgjer det av tredje avsnitt i noverande § 5 i forskrifta at «politiet skal formidle kontakt med helsepersonell hvis utlendingen ber om det eller *hvis det er noe som tyder på at utlendingen er syk*» (vår kursivering). I forslaget frå departementet er den kursiverte delen ikkje tatt med, og det vert ikkje føreslått tilsvarande formulering. NIM kan heller ikkje sjå at denne endringa er nærare omtalt i notatet, og etterlyser ei nærare utgreiing. Etter NIM sitt syn er det ikkje nokon klår grunn til at denne plikta skal verte endra, og tilsynelatande svekka, når ansvaret for helsetenestene vert flytta til kommunen internatet ligg i, gitt den særleg sårbare situasjonen internerte er i som fridomsrøva, og aktsemda dette krev frå styresmaktene. Me etterlyser derfor ei nærare grunningjeving for denne føreslegne endringa.

For det fjerde føreslår departementet å endre delar av ordlyden i § 5 fyrste avsnitt fyrste setning. I den noverande føresegna står det at politiet skal «sørge for at» utlendingen kan motta helsehjelp som utlendingen har rett til. I det nye forslaget er «sørge for at» endra til «legge til rette for». Denne endringa er i hovudsak av språkleg karakter. NIM vil likevel minne om den ovanfor nemnde særlege aktsemda overfor internerte som fridomsrøva, og peiker på at departementet her føreslår ei ordlydsendring som synes å gi politiet ei noko svekka aktsemd til å sikre internerte tilgang til helsetenester dei har rett på.

Departementet skriv at det ikkje er meint at forslaget skal leie til materielle endringar i internerte sine helserettar. NIM meiner derfor at departementet bør sjå nærare på dei nemnde føreslegne ordlydsendringane og gjere naudsynte endringar som sikrar at dei ikkje medfører materielle endringar. Dette bør verte gjort i lyset av dei ovanfor nemnde menneskerettslege rammene og internerte sin særleg sårbare posisjon som fridomsrøva. Dersom det eventuelt skal verte gjort materielle endringar, som forslaget

slik det ser ut no kan innebere etter vårt syn, må dette vere gjenstand for ei eiga vurdering opp mot menneskerettane.

## **5. Kritikk og tilrådingar frå internasjonale overvakingsorgan**

Endringane departementet føreslår har, som nemnt, ikkje til hensikt å gjere endringar i det noverande helsetilbodet internerte personar har per i dag. NIM vil likevel nytte høvet til å minne om at FNs overvakingsorgan har fremja kritikk av helsetilbodet til personar utan lovleg opphald i landet.

I sine siste avsluttande merknadar til Noreg etter høyringa i både 2013 og i 2020 fremja FNs komité for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar tilrådingar til Noreg om å betre tilgangen personar utan opphaldsstatus har til grunnleggjande helsetenester.<sup>5</sup>

## **6. Tilstreккеlege ressursar til kommunar for å ivareta menneskerettslege plikter.**

Forslaget inneberer at den einskilde kommunen der utlendingsinternat ligg skal få ansvaret for helsetilbodet til internerte. NIM uttalar seg som hovudregel ikkje om valet av verkemiddel styresmaktene tek i bruk for å oppfylle dei menneskerettslege pliktene sine, til dømes retten til naudsynt helsehjelp, inkludert om styresmaktene vel å leggje ansvaret til kommunane eller ikkje. NIM vil likevel understreke at det er viktig at kommunane til ei kvar tid får løyva tilstrekkeleg med ressursar til å oppfylle dei oppgåvene dei vert pålagde av styresmaktene, særleg når det gjeld oppgåver som inneberer å sikre grunnleggjande rettar som retten til naudsynt helsehjelp.

## **7. Oppsummering**

NIM etterlyser nærare menneskerettslege vurderingar av forslaget, særleg i lyset av den skjerpde aktsemda ovanfor fridomsrøva personar som følgjer av EMD sin praksis. Vidare ber NIM om at departementet sikrar at dei føreslegne endringane i § 5 i utlendingsforskrifta ikkje inneberer utilsikta endringar i internerte sine helserettar, slik dei føreslegne endringane etter vårt syn gjer per no.

Me er tilgjengelege for nærare dialog dersom departementet ynskjer det.

Venleg helsing  
for Noregs institusjon for menneskerettar

---

<sup>5</sup> Sjå FNs komité for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar sine avsluttande merknader til høvesvis den femte og sjette høyringa av Noreg, høvesvis avsn. 21 og avsn. 22.

Gro Nystuen

Assisterende direktør

Mina Haugen

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har dermed ingen signatur.